



# Kyrkjebladet

for  
BYGLAND

Nr 2

Sommer 2018

75. årgang



Nymåla Bygland kyrkje. Foto: Olav Nilsen

**Dette kan du  
lese om i  
Kyrkjebladet:**

Andakt.....	s. 2
Kven var Jorånd Rønne .....	s. 3
Bygland Bibel- og naturcamp .....	s. 3–4
Årets konfirmantar .....	s. 6
Måling av Bygland kyrkje .....	s. 7
Skogrydding på Tveit og i Årdal .....	s. 8
Sommarens konsertar .....	s. 9
Gudstenesteliste, ætt skal fylgja, konfirmantleir .....	s. 10
Kontaktinformasjon, friluftsgudstjeneste, Påska i ord og tonar .....	s. 11

# Kva bøn er

Sokneprest Kjell Steinbru

Av og til kan det vekke tilhøyrarane med ei uvanleg innleiing til eit tema. Eg kan til dømes ha moro av å spørje konfirmantane om dei kan seie skilnaden på Jesus og jolenissen?

Da må vi tenkje litt i lag. Borna sender jo gjerne ønskelister til jolenissen. Og gjer vi ikkje det same til Jesus også? Er det eigenleg nokon skilnad på bøn og ønskelister?

Er bøn noko anna enn ei ønskeliste vi sender til Jesus i tru på at kanskje Han vil oppfylle noko av det vi legg fram for han?

Ein som har skrive mykje klokt om bøn er Ole Hallesby i boka «Fra bønnens verden».

På den første sida i denne boka presenterer han det boka handlar om: «Bønn er å slippe Jesus inn.»

Så siterer han eit vers frå Johannes Openberringsbok 3,20: «*Sjå, eg står framfor døra og bankar. Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda måltid, eg med han og han med meg.*»

Bønn er inga ønskeliste, og Jesus er ingen jolenisse.

Paulus skriv noko om bøn i Efeserbrevet 6,10:

*«Bli sterke i Herren, i hans veldige kraft!»*

Og så legg han til: «Gjer dette i bøn, og legg alt fram for Gud!»

Ein sentral kristen tanke er at det er ikkje vi som kjem til Jesus, men det er han som kjem til oss.

Sånn som han forklarar det i Johannesevangeliet i kapittel 14: «*Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldre-lause born. Eg kjem til dykk.*»

Ein gong høyrde eg på radioen ein journalist som gjekk på gata og spurde folk: Verker bøn?

Nei, svarte dei fleste, dei hadde bedt om noko, men så fekk dei ikkje det dei bad om, eller det skjedde ikkje det som dei ønskte.

Det kan nok fleire av oss ha opplevd. Vi ber om at ting må skje.

Vi ber om at det må gå oss vel, om at sjuke må bli friske, om at vi må bli spart for ulykker, om at det må bli fred på jord, at ingen må svolte, eller at vi må bli velsigna med godt og tenleg vær.

Det skal vi fortsette med. Vi skal fortsette å be som vi alltid har gjort. Men vi samtidig må vi forstå bøn riktig. For bøn er i sitt vesen ikkje nokon ønskeliste vi sender «oppover».

Og vi må ikkje bli vonbrotne fordi ting vi ber om ikkje skjer. Bøn er som Paulus skrev i Efeserbrevet å legge alt fram for Gud, legge hele vårt liv i Herrens hender.

Det er på same måten med dåp og nattverd, det vi kallar nådemidlane i kyrkja. Gjennom desse to elementa kjem Guds nåde inn i våre liv.

Men å forstå dette er vanskeleg. Og det har difor vore mykje stridigheter i kristenheita om desse tinga opp igjennom kyrkja si historie. Eg trøyster meg med at vi er ikkje kalla til å forstå alt, men til å opne oss og take imot den gode bodskapen.

I bibelverset som vert kalla den vesle Bibelen, Joh. 3, 16, står det ikkje: Kvar den som forstår han, men kvar den som trur på han. Tru er å ta imot Jesus. Opne seg for han med alle dei ubesvarte spørsmåla vi ber på og ikkje kjem til å få svar på i dette livet.

Vi kan ikkje forvente å få svar på alt vi ikkje forstår og alt vi ber om, for det er som Paulus skriv i 1. Kor 13,12:

*No ser vi i ein spegel, i ei gåte, men då skal vi sjå andlet til andlet. No skjønar eg stykkevis, men då skal eg kjenna alt fullt ut.*

Vi kan aldri kome dit at vi kan forstå Gud. -Kor gamal er Gud, spurde ein konfirmant på samtalegudstenesta. Svaret er at Han står over tida. Men for oss er det uforståeleg. Vi tenkjer i tid, og er bunde til å leve i tida. At det finnes noko som er utanfor og heva over tida er uforståeleg for oss.

Hos profeten Jesaja i kapittel 40 kan vi lese om kven Gud er:

*«Kven vil de likna meg med, kven er eg lik?» seier Den heilage. Lyft auga mot det høge og sjå: Kven har skapt alt dette?*

*Han som tel stjernehaeren, fører dei ut og kallar dei alle ved namn.*

*Hans kraft er så stor og hans styrke så veldig at ikkje éin skal mangla.*

*Kvifor tenkjer du, Jakob kvifor seier du, Israel:*

*«Min veg er løynd for Herren, min Gud bryr seg ikkje om min rett?»*

*Veit du ikkje, har du ikkje høyrte? Herren er den evige Gud som skapte endane av jorda.*

*Han blir ikkje trøytt og ikkje sliten, ingen kan utforska hans forstand.*

*Han gjev den trøyttaste kraft, og den som ikkje har krefter, gjev han stor styrke.*

*Gutar blir trøyttaste og slitne, unge menn snublar og fell.*

*Men dei som ventar på Herren, får ny kraft, dei lyfter vengene som ørna, dei spring og blir ikkje slitne, dei går og blir ikkje trøyttaste.»*

Bibelen har et svar, ei slags løysing på dette med bøn sitt mysterium:

Salme 37: Av David:

*λ Legg din veg i Herrens hand! Set di lit til han, så grip han inn.*

Eller som Paulus skrev:

*Bli sterke i Herren, i hans veldige kraft!*

Dette er bøn: Vi skal kome til Herren Jesus med våre liv, og legge dei i hans hand. Sånn som dei er. Han som har talt alle stjernene, og til og med gitt dei namn, og som ser til eit lite eit menneske – at han hugsar på det, eit menneskebarn – at han tek deg av det. (Salme 8).

Vi skal på ingen måte slutte å be. Vi må bare sette dette inn i ei riktig ramme. Bøn er kristenlivets andedrett. Utan bøn sin pust dør vårt åndelege liv med Jesus ut. Derfor seier Jesus i Bergpreika: *Be, så skal de få!*

Og det vi skal få er meire enn vi kan forstå:

Det er som med et lite frø:

Jesus sa: *«Kva er Guds rike likt? Kva skal eg samanlikna det med? Det er likt eit sennepsfrø som ein mann tok og sådde i hagen sin. Det voks og vart til eit tre, og fuglane under himmelen bygde reir i greinene på det. (Luk. 13,18)»*

Tenk at noko så lite kan bli så stort. Bøn er sjela sitt andedrett, gjennom to falda hender.

*«Bønn er å slippe Jesus inn», og la Han være med oss på vår livsvandring.*

# Kven var Jorånd Rønne

I førre Kyrkjeblad tok me med eit vent dikt som heitte "Fagre Bygland - helsing frå Amerika".

Det var skrive av ei som heitte Jorånd Rønne, og som eg diverre ikkje hadde noko meir informasjon om.

Men ein fager vårdag banka det på døra til kyrkjekontoret, og der stod Ragnar Kaaasa og kona hans Gunnhild Nomeland Kaasa med eit stort smil og spurde om dei kunne koma inn.

Dei visste nemlig kven Jorånd Rønne var!

Me let Gunnhild sjølv fortelja: Jorunn (Jorånd) Nomeland var fødd i 1897, og vakste opp på Bygland.

Foreldra var Gunhild Krosstog og Halvor E.Nomeland. Dei var ni sysken, og far min - Edvard Nomeland - var den yngste i flokken.

Det var trange tider, og Jorunn måtte tidleg ut for å arbeida. Etter kvart traff ho Gustav Libakken frå Mosby som ho gifte seg med. Dei fekk ein gut dei kalla Kristen, men han var berre fem månader då far hans døydde. Dermed vart ho sitjande att åleine med den vesle guten sin.

Etter nokre strevsame år tok ho med seg son sin og reiste til Minnesota i USA. Han var då fire år gamal. Det vart ei lang og vond reise, men fram kom dei, og fekk bu hos slektningar der borte den fyrste tida.

## *Haust*

*No gulnar lauvet og blomen fell,  
det vert so myrkt når det lid mot kveld.  
Og alt som grønkast og venleik gav  
er bøygde mot jordi el' falle av.*

*Ja, soleis gjenge det med oss alle,  
når alderdomen hev på oss falle.  
Men me ser opp i mot sol og dag,  
om ryggen bøygjast og sig i grav.*

*Hav takk då, Gud, for din nåde store,  
at du so mykje for alle gjorde!  
Du sende Sonen til jordi ned  
og gav oss framtid med ljøs og fred.*

JORÅND RONNE

Så traff ho ein norsk-amerikanar som heitte Gust Rønne, og som ho seinare vart gift med.

Tilsaman fekk Jorunn seks born. Ho vart mellom anna mor til Finn O.Espe-land som etter kvart vart kjend som "Jordbærkongen" på Tveit ved Kjevik. Han vaks opp hos adoptivforeldre i

Oslo, men kom seinare til Tveit der han over tok garden etter far sin.

Jorunn og resten av syskenflokket var musikalske og hadde lyriske årer, noko både det fine diktet som følgjer her bed bod om, og "Fagre Bygland" som stod på prent i førre nummer av Kyrkjebladet.



# Bygland bibel- og naturcamp 2018

## - bibel, båttur og plateslepp

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

Bibel- og naturcamp'en 2018 på KVS Bygland gjeng i år av stabelen frå søndag 1 juli til søndag 8.juli.

Audun Hjelseth hadde bibeltimane i fjor, og han tek med seg kona og kjem attende i år og.

Mangeårig forkynnar i Sørlandets Indremisjonskrets Åge Nygård talar på kveldsmøtene, og kona hans Anne Kristin Nygård vert med som songar.

Ho får selskap av Vera Henriksen som for tredje året på rad gler oss med si djupe varme songrøyst og gode vitnesbyrd. Vera bur til vanlig i Sør-Spania, og tek i år med seg nyinnspela CD som det vert releasekonsert på laurdag 7.juli kl.18.30 i Bygland kyrkje. Ho har med seg musikarane Odd Magne Myre og Charlie Blackwater som og har vore med på sjølve plateinnspelinga.

Før konserten er det tid for nok ein båttur med DS Bjoren, denne gongen heilt frå Byglandsfjord til Bygland.

Tordag 5.juli er det tid for det tradisjonsrike Misjonsløpet, til inntekt for KVS-Byglands omfattande bygningsmasse.





Vera Henriksen

Same kvelden vert det Songkveld, der Anne Kristin Nygård og Vera Henriksen får selskap av tidlegare Spania-misjonær Wigdis Trøim som og spreier den glade budskapen gjennom vakker song.

I fjor var det fleire som delte sitt vitnesbyrd knytta til songar og hendingar på Songkvelden, og det gjev me rom for i år og.

Godt fottøy og høvande turantrekk er å anbefala på camp'en.

Det trengs i alle høve, for kvar dag vert det turar og utflukter – fyrst og framst til dei fine hyttene skulen disponerer inne på fjellet, og der årets fiskekonkurranse sjølvsagt er eitt av høgdepunkta for store og små.

Dei to siste åra har me vore ekstra heldige med været. Medan det elles regna og bles både i vest og nord, gjekk Setesdalen stort sett klar i le for fjella, og varta opp med fleire varme gode soldagar.

Me kan ikkje garantera det same gode veret kvart år, men Regine Austegard og Kristine Olsson kjem attende i år og, der dei varmar opp med barnemøter og aktiviteter for store og små både inne og ute.

I tillegg til flotte fjellturar vonar me dei flotte sandstrendende i Byglandsfjorden kan koma til sin rett med soling og badeliv på varme soldagar. Litt sør for Bygland ligg Elgtun, og her er vestlendingar og andre interesserte garantert å få treffa på skogens konge.

Tek ein turen til Evje kan dei som vil besøka bygdas populære og koselege handlegate, medan dei meir fartsgale kan kappast på gocart-bana på Moisund.

Den gode heimelaga maten får mykje skryt av svoltne deltakarar etter turar i skog og mark, og i år har me hyra inn tysk-norske Judith Zøllner som framifrå kokke, og med Anne Bø Nilsen og Pascaline Sagbakken som trufaste hjelparar på kjøkkenet.

Edvard Foss tek seg av ungdomane, og for dei som aldersmessig befinn seg mellom born og ungdom, er Marie Hornnes trufast på plass.

Dei siste åra har me hatt svært god deltaking, og allereie no har fleire meldt seg på årets Bibel- og naturcamp.

Det sosiale og andelege innhaldet går hand i hand på KVS Bygland, der flotte internat, store uteområde, nytt kjøkken og matsal, flotte møterom, god plass, hyggeleg vertskap og dugande talar- og songkrefter gjev deltakarane alt dei treng for både lekam og sjel.

KVS Bygland ligg i svært naturfagre omgjevnader, midt i hjartet av Setesdal, og med storslått utsyn mot fjell og fjord!

Vil du vita meir, gå inn på heimesida [www.bibelognaturcamp.no](http://www.bibelognaturcamp.no), sjå våre Facebooksider, mail oss på [kbnilsen@hotmail.com](mailto:kbnilsen@hotmail.com), eller ring på telefon 982 99711 for meir informasjon og påmelding!

Velkomen til Bygland Bibel- og naturcamp 2018!



# Årets konfirmanter



Desse to vart konfirmert i Årdal kyrkje søndag 20. mai kl. 11:00 (1. Pinsedag): Benjamin Kallhovd og Tobias Rokoengen Kjetså. Her saman med presten Kjell Steinbru.



Desse tre vart konfirmert i Bygland kyrkje laurdag den 26. mai kl. 11:00: Audun Attestog, Malin Langemyr og Tarald Simonstad Kvaale saman med presten Kjell Steinbru.



Vegard Heia vart konfirmert i Austad kyrkje laurdag 9. juni.

# Måling av Bygland kyrkje

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

I år er Bygland kyrkje 180 år.

Den var stod ferdig i 1938, og vart bygd av Anders Syrtveit.

Då høver det bra med nymåla kyrkje, og med eit spleiselag mellom kyrkja og Bygland kommune gjorde at me fekk dette til no i år.

Målarveret må seiast å ha vore det aller beste no på forsommaren, og med firmaet Auklands vedlikehold gjekk det fort unna.

Same firmaet har dei siste åra og måla Sandnes kyrkje, Åraksbø og Årdal kyrkje.

Og vonaleg finn me dei naudsynte midla til måling av Austad kyrkje, Tveit sommaren 2019.

Torgeir Aukland har med seg nokre særst dugande karar frå Litauen i arbeidet, og på biletet ser me frå venstre Victoras, Vladimiras, Torgeir og Darius.

Det spesielle med dette målaopdraget er at det er tippoldefar til Torgeir Aukland som har laga både preikestol og altertavle i Byg-

land kyrkje. Det same gjeld Sandnes kyrkje, Åraksbø.

Namnet hans var Lars Stedjan frå Laudal, og han stod for altertavlar i heile 9 kyrkjehus på Agder, kan lokalhistorikar Paul Sveinall fortelja i artikkelen "Altertavlebyggeren".

Måten Lars Stedjan utførte oppdraga sine på var såpass spesielle at uttrykket "Stedjanmodellen" var brukt om dei altertavlane han stod for, den fyrste i Konsmo kyrkje.

Lars leverte tavle og preikestol ferdig montert, og måla og treverk- et når det var med i oppdraget.

Om Bygland kyrkje kan me lesa:

Anders Syrtveit bygde ny kyrkje i 1838 etter teikning, men fekk sjølv tilpassa det slik han meinte "det skulle vera".

Bolling seier at Anders sjølv tykte Bygland kyrkje var den finaste han hadde bygd. Når så Lars Stedjan gjorde altertavle og preikestol, visste han at resultatet ville bli like bra som i Iveland. Jørgen Tollaks-

en Tjørhom måla kyrkja innvendig i 1839, truleg og altertavla. Han var ein dugande rosemålar som virka mykje i Setesdal på denne tida. Han nytta mest sama fargane som Lars Stedjan. Unntaket er at Lars alltid forgylte vangane, og aldri hadde fleire fargar på dei. Bolling skriv: "Den barokke altertavla, festleg og fargeglad, i raudt, gull, svart og kvitt, verka trass alt utstyret noko fattig med dei store tome midtfelte. I 1929 fekk Lars Osa i oppdrag å laga eit høveleg bilete i nedre feltet, og i 1937 i det øvre. Det blei då og måla inn skriftord i sideovalane. Bortsett frå nye måleri er preikestol og altertalve slik dei var medan Lars Stedjan levde. Dei kjem godt til sin rett mot dei gråblå veggane i lyset som spreier seg frå sidevindaga høgt oppe.

Det er noko som heiter "å halda det i familien".

Det kan me verkeleg seie om Bygland kyrkje som no stend der og troner nymåla og vakker, utført av tippoldebarnet til han som laga den flotte altertavla og preikestolen 180 år tidligare!



# Skogrydding på Tveit og Årdal

*Tekst og foto: Olav Nilsen*



*Gunnar Gautland i aksjon.*

I fjor haust vart det hogd ned ein god del store tre både på kyrkjegarden i Bygland og på Tveit.

I vår stod kyrkjegarden i Grendi for tur.

Det er framleis heiderskarane Svein Kleivane, Knut Gakkestad og Gunnar Gautland som gjeng på med stort frimod og solid fagkunnskap når dei skal fella desse store trea.



*Frå venstre Gunnar Gautland, Svein Kleivande og Knut Gakkestad.*



På Grendi var det ei ekstra stor utfordring grunna riksvegen som går rett forbi.

Dei hadde og kyrkjegardsmuren å ta

omsyn til, og enkelt gravsteinar måtte førebels flyttast for å få dette til.

Då eg passerte tidlig ein fager vårmorgon onsdag 25.april var dei alle-reie i full gong, men tok ein liten pause til ære for fotografen.

Medan det framleis låg flekker med snø på bakken var eg ein skya vårdag oppe på Tveit for å stikka ut ei grav.

Eg hadde ikkje berekna så mykje snø inne på kyrkjegarden, så eg gjekk berre på låge sko.

Men av og til er lukka betre enn forstanden, for der var det allereie tre gilde karar frå kommune i full sving med å rydda kvist etter tømmerhogsten i fjor haust.

Ein av dei hadde med seg eit ekstra sett med langstøvler, og dermed vart ein stakkars kyrkjevevje berga i nauda.

Her ser me dei gode hjelparane i aksjon.



*Frå venstre Olav Viki, Arne Vegusdal og Fredrik Langfeldt.*



# Sommarens konsertar i Bygland kyrkje



**Laurdag 7.juli kl.18.30**

Releasekonsert i Bygland kyrkje med Vera Henriksen, Odd Magne Myre, Charlie Blackwater og Wigdis Trøim.

Sal av den nyinnspelte CD'en "Some pretty day". Gratis inngang.

I samarbeid med Bygland bibel-og naturcamp.

**Tysdag 14.august kl.19.30**

Konsert i Bygland kyrkje med "The Browns".

Country-gospelgruppe frå USA med Shelly, Michaela, Adam og Andrew Browns.

Billettpris: kr.200,-

I samarbeid med Skjærgårdsgospel og Finsland Gaitherklubb





VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

### 1. juli. Aposteldagen.

Årdal kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Nattverd. Matt 16,13-20.

### 7.juli. Konsert

Bygland kyrkje kl.18.30: Konsert med Vera Henriksen, Odd Magne Myre, Charlie Blackwater og Wigdis Trøim. Sal av ny CD. Gratis inngang. I samarbeid med KVS Bygland.

### 8. juli. 7. søndag i treeinings-tida.

KVS Bygland kl. 11.00: Familie-gudsteneste ved Kjell Steinbru. Luk 19,1-10. Song av Vera Henriksen og Ann Kristin Nygård. Oftring: KVS Bygland

### 15. juli. 8. søndag i treeinings-tida.

Austadneset kl. 12.00: Friluftsgudsteneste ved prost Gunnar Ellingsen. Mark 12,37b-44. Grilling

og skogskaffi. Ved dårlig ver vert gudstenesta i Sandnes kyrkje, Åraksbø.

### 22. juli. 9. søndag i treeinings-tida.

Årdal kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Oftring: Kyrkjelydens misjonsprosjekt. Nattverd. Joh 8,2-11.

### 29. juli. Olsok.

Sandnes kapell kl. 18.00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Oftring: Kyrkjelydens misjonsprosjekt. Luk 9,23-26. Samvær med grilling etter gudstenesta.

### 14. august. Konsert

Bygland kyrkje kl.19.30. Konsert med «The Browns». Billett: kr.200,- I samarbeid med Skjærgårds-gospel.

### 19. august. 13. søndag i treeiningstida.

Austad kyrkje kl. 17.00: Gudsteneste ved Kristine Borgen. Oftring: Kyrkjemusikalsk arbeid. Luk 12,41-48.

### 26. august. Vingardssøndag.

Årdal kyrkje kl. 16.00: Familie-gudsteneste ved Kristine Borgen. Luk 17,7-10.

### 2. september. 15. søndag i treeiningstida.

Bygland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste ved Rune Stormark. Oftring: Vonheim Bedehus. Nattverd. Luk 10,38-42.

### 9. september. 16. søndag i treeiningstida.

Sandnes kapell kl. 11.00. Gudsteneste med Normisjonsstemne. Prest: Rune Stormark. Liturg: Knut Gakkestad Taler: Hilde Halvorsen. Oftring: Normisjon. Nattverd. 1 Pet 4,12-19.

### 16. september. 17. søndag i treeiningstida.

Austad kyrkje kl. 17.00: Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Nattverd. Luk 7,11-17.

### 30. september. 19. søndag i treeiningstida.

Årdal kyrkje kl. 11.00. Familie-gudsteneste ved Kjell Steinbru. Oftring: Kristent Arbeid Blant Blinde og svaksynte. Joh 7,14-17.

## ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



### Døpte til kristus

Bygland kyrkje:

1. april: Gisle Aakhus.

Austad kyrkje:

9. juni: Sigurd Langeid Dvergsnes.

### Døde

Birgit Langemyr, født 15.04.1953, død 25.03.2018

Jan Torleif Landås, født 14.09.1933, død 27.04.2018

## Konfirmantleiren våren 2018

Konfirmantleiren for dei som har hatt undervisning i dette skuleåret gjekk av stabelen den midtarste helga i april. Med som leiare var sokneprest Kjell Steinbru og vikarpresten Kristine Borgen. Det var 8 konfirmantar med på turen.

Hytta vi var på var ei familiehytte som vi hadde fått leigd på Brokke. Den høva godt for denne vesle flokken. Alle konfirmantane ønskte å stå på ski i skibakken på Brokke, og heldig for oss, så vart sesongen forlenga fram til og med denne helga dette året på grunn av gode snøforhold.

Helga gjekk elles med triveleg samvær, god mat, både frå kjøkkenet og varma på bålpanne. I løpet av dagane hadde vi også undervisning, andakt og song, sånn som det høver seg på konfirmantleir. Vi såg også animasjonsfilmen «Prinsen av Egypt», som handla om Moses sitt liv frå å ha vakse opp ved hoffet til Farao, til å vere den som leia Israelsfolket ut av fangenskapet under Farao og fram imot det lova landet.

Og var det nokon som var litt treige med å stå opp om morgonen, var det bare å spille litt «Scatman» for dei, så vakna dei opp som aldri før.


Ein annan ting vi gjorde, var å førebu samtalegudstenesta i Årdal kyrkje, som avslutta leiren. Da var det ikkje presten som skulle «grille» konfirmantane, men motsett, det var konfirmantane som spurde prestane om ulike ting frå den kristne trua. Så vart samtalegudstenesta ein fin samtale mellom dei to prestane og konfirmantane.

Eg vil nytte høvet til å takke konfirmantane for ei fin tid med undervisning og samtaler og alt det andre dei har vore med på denne tida. Etter kvart vart konfirmantane meir og meir aktive i undervisninga, dei stilte spørsmål og kom med tankar om den kristne trua som dei la fram i timane.

## Friluftsgudsteneste på Hovatn

Foto: Ingebjørg H. Lidtveit

Nokre glimt frå den flotte friluftsgudstenesta på Hovatn på Palmesundag i strålende påskever!



## Velkomen til gudstenester utanom kyrkja i sommar

Vi har fleire gudstenester andre stader enn i kyrkjene i sommar. Den planlagde gudstenesta på Tveitå er i år avlyst. Men allereie den 8. juli kl. 11.00 vert det ei gudsteneste på KVS Bygland i samband med Bibel- og naturcampen der. Denne gudstenesta er naturlegvis open for alle.

Så kjem prosten vår, Gunnar Ellingsen, til Friluftsgudsteneste på Austadneset den 15. juli kl. 12.00. Austadneset ligg rett sør for Ose bru. Dei som køyrer over brua frå riksvegen må svinge av to gonger til høgre. Plassen ligg rett ned mot vatnet.

Så kjem den tradisjonelle Olsokgudstenesta i Sandnes kapell med ei hyggeleg samling etter gudstenesta nede ved kyrkjeodden.

## Påska i ord og tonar i Austad kyrkje, Tveit

Tekst: Knut Gakkestad. Foto: Tone Norgarden Gakkestad



Det viste seg at i år kunne ikkje Hildegunn og Ian Richards vera med, men det var likevel eit sterkt ynskje om å få det til, då dette er noko som folk set stor pris på. Difor tok vi ei litt enklare utgåve med mykje allsong. I tillegg song Vonheimkoret, Gunnar Gautland og Gunnveig Viki. Det er flott å høyra på dei. Svein Kleivane leia oss gjennom kvelden på sin lune og gode måte. Han deklamerte "Den gamle mester" for oss, eit flott dikt av Jørgen Moe. Knut Gakkestad las fire bibeltekster som tok føre seg det som hendt palmesundag, skjertorsdag, langfredag og 1. påskedag.

Takk til Tor Ånund Kleivane som kom med keyboard og høgtalar og rigga det til for oss, og til Runar Granheim som eig keyboardet.

Det var 44 stykke som fann vegen til kyrkja denne kvelden, og det kom inn kr. 1.600 til kyrkjemusikalsk arbeid, noko vi takkar hjarteleg for.

Vi avslutta kvelden med den eldgamle påskehelsinga: "Kristus er oppstanden, ja Han er sanneleg oppstanden."

Takk til alle som kom, og så sant vi lever og hev helsa, satsar vi med friskt mot på at vi kan ha "Påska i ord og tonar" til neste år og.

## Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18  
4745 Bygland  
Bygland kommune: . . . . .37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

**Sokneprest Kjell Steinbru**  
Telefon: . . . . .473 28 472  
E-post: prest@evje.kirken.no

**Kyrkjeverje Olav Nilsen**  
Telefon: . . . . .982 99711  
E-post: kbnilsen@hotmail.com

**Bygland kyrkjelege fellesråd og  
Bygland sokneråd**  
Leiar:  
Knut Gakkestad  
Mobil: . . . . .948 80 383  
E-post: knutgakkestad@yahoo.no

**Årdal sokneråd**  
Leiar:  
Gunnar Gautland  
Mobil . . . . .908 25 928  
E-post: ggautland@agder.no

**Tilsette  
Kyrkjeverje**  
Tore Moseid . . . . .462 39 056

**Organist**  
Britt Haugen . . . . .472 33 165  
Torgny Sandland . . . . .951 68 579  
Hans Jurgen Wiehe . . . . .915 47 804

**Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes**  
Knut Gakkestad . . . . .948 80 383

**Kyrkjetenar, Årdal**  
Tore Moseid. . . . .462 39056

**Kyrkjetenar og klokkar, Bygland**  
Kim Andre Thorstensen . . 984 69 989  
Svein Kleivane . . . . .977 74 321

**Kyrkjetenar, Austad**  
Tore Moseid . . . . .462 39 056

**Klokkar, Austad**  
Svein Kleivane . . . . .977 7 4321  
Knut Gakkestad . . . . .948 80 383

**Reinhaldarar**  
Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034  
Marie Bue (Bygland) . . . . 482 10 259  
Thora Bakke Nordgarden  
(Sandnes) . . . . .994 54 393  
Therese Gautestad  
(Austad) . . . . .901 94676

**Prostidiakon Anna Heggland**  
Mobil: . . . . .913 82835  
Mail: anne.he@online.no

Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje



*DS Bjoren ved Bygland brygge  
Foto: Olav Nilsen*